

KVINNHERAD KOMMUNE

Fellestenester

Politisk sekretariat

2006/4895

Vedlegg sakliste formannskapsmøte 15.04.2010

Saksnr	Innhald	
PS 2010/34	Pensjonateigedomen i Rosendal.	vedlegg
PS 2010/35	Omsorg 2020 - Plan for perioden 2010 – 2020.	eige vedlegg
PS 2010/36	Sunnhordland Folkehøgskule- Søknad om garanti for lån.	
PS 2010/37	Presisering av vedtak vedr fritak §7 c	
PS 2010/38	Brannordning for Kvinnherad kommune – revisjon	vedlegg
PS 2010/39	Ny avtale om ettersøk etter skadd vilt i Kvinnherad 2010	

VEDLEGG NR. 1
F-sak 34

MELLOMBELS AVTALE


Mellom Kvinnherad kommune (Kvinnherad Kommune) og Baroniet, Den Weis Rosenkronske Stiftelse (DWRS) er det inngått følgjande avtale om frådelling til DWRS og kjøp av resteigedomen av gnr. 87, bnr. 33 (Jenseneigedomen) i Kvinnherad.

1. Kommunen skil ut areal for DWRS til formålet næringsbygg som omsøkt.
2. Tiltakshavar, DWRS, avklarar i orienteringsmøte med Fylkesmannen søknaden og dei særskilte grunnane for dispensasjon. Leiar av forvaltningsstyret deltar også i møtet.
3. Føresett at dispensasjon for næringsbygget med båtopptrekk og kai vert invilga skal Kvinnherad Kommune kjøpe resteigedomen av DWRS til ein gjennomsnitt pris av to uavhengige takstar, takstmenn, oppnemd av kvar av partane. Tomten skal takserast som fri tomt som er å forstå som ikkje takstmessig ilagt hefte som festetomt.
4. Av taksten som kjem fram, gjennomsnittstaksten, skal det gjerast eit fradrag for restverdien av eksisterande festeavtale på 12,5%.
5. Resteigedomen vert tilbydt Rosendal Fjordhotel og Jostein Hatteberg til takstpris pluss Kvinnherad Kommune sine kostnader
6. Restverdien (12,5%) vert uavkorta overført til Rosendalstunet slik ein i denne avtalen vel å tolke intensjonen var frå arvelatar i testamentet.
7. Denne avtalen gjeld frå vedtak om saka er fatta i formannskapsmøte 15. April 2010, og til nye avtalar erstattar denne avtalen.

Oslø

Rosendat den 18. 3. 2010

Kvinnherad kommune


Den Weis Rosenkronske Stiftelse (DWRS)

+

Vedlegg

FORSLAG

F-sak 38



Brannordning for Kvinnherad kommune



A	FORMÅL	2
B	GRUNNLAG FOR BRANNORDNINGA	2
	B.1 Oppgaver	2
	B.2 Grunnlag for organisering og dimensjonering etter standardkrava	2
	B.3 Vurdering av risikoforholda	3
C	ADMINISTRASJON OG LEIING	4
	C.1 Administrasjon	4
	C.2 Myndighetsoverføring	4
	C.3 Overordna vakt	4
	C.4 Planar/rapportering	4
	C.5 Internkontroll	5
	C.6 Instruksar	5
	C.7 Opplæring og kompetanse	5
	C.8 Øving av beredskapen	5
	C.9 Høgare beredskap	5
D	FØREBYGGANDE AVDELING	6
	D.1 Brannsynspersonell	6
	D.2 Feiarpersonell	6
E	BEREDSKAPSAVDELINGA	6
	E.1 Utrykkingsstyrke	6
	E.2 Reservestyrke	6
	E.3 Skogbrannreservestyrke	7
	E.4 Brannstasjonar	7
	E.5 Vedlikeholdspersonell	8
F	VARSLING OG ALARMERING	8
	F.1 Alarmsentral-brann	8
	F.2 Varsling over nødnummer 110	8
	F.3 Alarmering/utkalling av innsatsstyrker	8
G	UTRUSTNING AV BEREDSKAPEN	8
	G.1 Alarmerings- og sambandsutstyr	8
	G.2 Personleg vern	8
	G.3 Materiell	9
	G.4 Vannforsyning	11
H	AVTALER	11
	H.1 Samarbeidsavtaler	11
	H.2 Tilrettelagt bistand	12
	H.3 Andre samarbeidsformer	12
I	VEDTAK OG AKSEPTERING	12

A FORMÅL

Denne brannordninga beskriv kommunen sitt brannvern og dokumenterer at brannvernet er organisert, utrusta og bemanna slik at både lovpålagde og andre oppgaver kan utførast tilfredsstillande. Ved dimensjoneringa er det tatt hensyn til både regelverket sine minimums-/standardkrav og kartlagt risiko som ligg føre i kommunen.

B GRUNNLAG FOR BRANNORDNINGA

1. Oppgaver

Brannvernet sine primæroppgaver går fram av Brann- og eksplosjonsvernlova §§ 10 og 11.

I tillegg til desse oppgåvene er brannvernet i Kvinnherad kommune tillagt:

- beredskap vedrørende akutt forureining (Kvinnherad kommune er med i IUA, beredskapsplan, vedlegg 17)

2. Grunnlag for organisering og dimensjonering etter standardkrava:

Samla innbyggjartal i kommunen	13 112	Innbyggjarar (SSB 01.01.09)
Areal	1 137	Km ²
Tal på øyar	184	Stk
Tal på skorsteinar (feiepliktige)	5 600	Stk.

Tettstader i kommunen:

1. Husnes.....med	2 254	innbyggjarar	(SSB 01.01.09)
2. Sunde/Valen....med	2 061	innbyggjarar	” ”
3. Rosendal.....med	928	innbyggjarar	” ”
4. Sæbøvik..... med	830	innbyggjarar	” ”
5. Uskedal..... med	735	innbyggjarar	” ”
6. Herøysund..... med	420	innbyggjarar	” ”
7. Seimsfoss..... med	362	innbyggjarar	” ”
8. Dimmelsvik.... med	230	innbyggjarar	” ”

Innsatstider:

Objekt der brannvernet ikkje klarer krava til innsatstid etter § 4-8 i dimensjoneringsforskrifta:

Valen Sjukehus (tar om lag 15-20 minutt)

Områder der brannvernet ikkje klarer vegleiande krav til innsatstid:

Gausvik-Årsand	tar om lag 45 minutt
Varaldsøy	tar om lag 40-60 minutt – gjeld frigjeringsutstyr
Gjetingsdalen	tar om lag 45 minutt
Årsnes industriområde	tar om lag 25 minutt
Åkra/Matre	tar om lag 30-60 minutt – gjeld frigjeringsutstyr
Snilstveitøy/Skorpo/Kalven	tar om lag 30-60 minutt – gjeld også frigjeringsutstyr

Utåker	tar om lag 45 minutt
Høylandsbygd industriområde	tar om lag 15-20 minutt
Fjelberg/Borgundøy	tar om lag 40-60minutt – gjeld frigjeringsutstyr

Når det er vinterføre kan innsatstidene verta lengre i nokon få område i kommunen.

3. Vurdering av risikoforholda

Risikoforholda i kommunen er kartlagt.

Kartlegging av risiko, ROS-analyse og risikovurdering framgår av **vedlegg 1**

Kartlegging av sløkkjevatn framgår av **vedlegg 2**.

Som følgje av kartlagt risiko er beredskapen økt i forhold til regelverket sine standardkrav, på følgjande måtar:

- brannstyrken er på 71 personar, fordelt på 7 stasjonar og overordna vakt
- Husnes har dreiarande sjåførvakt på brannbil og branntankbil, samt eit mannskap
- Husnes, Rosendal, Halsnøy, Varaldsøy og Ølve har røykdykkarteneste

For følgjande område/objekt er det ikkje gjennomført tilstrekkelege risikoreduserande tiltak slik at den etablerte beredskapen kan forventast å forhindre store konsekvenser ved ein brann eller ulykke:

- Ikkje tilstrekkeleg med sløkkjevatn i deler av Fjelberg, Halsnøy, Husnes, Åkra, Rosendal og Ølve sine sløkkjeområde, sjå vedlegg 1 og 2 for detaljer.
- Ved Valen sjukehus er det gjennomført ein del risikoreduserande tiltak, sjå vedlegg 1, men det er fortsatt eit risikomoment.

C. ADMINISTRASJON OG LEIING

1. Administrasjon

Brannsjef med stillingsandel	85 % årsverk
Leiar førebyggjande med stillingsandel	65 % årsverk
Leiar beredskap med stillingsandel (stedfortredar)	100 % årsverk

2. Myndighetsoverføring

Kommunestyret i Kvinnherad har den 30.01.03 delegert oppgåver til rådmannen etter Lov om vern mot brann, eksplosjon og ulykker med farlege stoff og om brannvesenest redningsoppgåver av 14. juni 2002 nr. 20 med tilhøyrande forskrifter.

Rådmannen har den 27.01.09 vidare delegert oppgåver med brannfagleg myndighet.

Delegasjonsvedtaka er vedlagt brannordninga, **vedlegg 19**.

3. Overordna vakt

Overordna vakt er 5 delt, følgjande stillingar skal være med i overordna vakt:

- Brannsjef
- Leiar beredskapsavd.
- Leiar førebyggjandeavd.

Overordna vakt må kunne møte på skadestad i kommunen sine tettstader innan ein time.

